

Årsmelding 2025



NAF

avd. Nordfjord

Innkalling

Publisert i lokalavisene gjennom Nordfjordsamkøyringa i veke 7.
Firda Tidende.
Nyheitsbrev til alle medlemar i NAF avd. Nordfjord.

Dagsorden

ÅRSMØTE 2026

Laurdag 14. mars kl.14:00
Stryn Hotell

1. Åpning

2. Konstituering

- val av møteleiar
- val av skrivar
- val av 2 personar, underskrive møtebok

3. Årsmelding 2025

4. Årsrekneskap

5. Budsjett

6. Godtgjersler

7. Innkomne saker

- 8. Val:**
- styremedlemar
 - varamedlemar til styret
 - arbeidsutval
 - utsending/vara til Landsmøte
 - valnemnd
 - revisor
 - årsmøte 2027

Styret

Tillitsvalde

Fordelinga av verv i styret:

Leiar: Aud Kobberstad
Nestleiar: Fredrick Eimstad Egge
Styremedlem: Bjarne Svarstad
Kasserar: Solveig Høydal
Sekretær: Reidar Kjøde
Materialforvaltar: Petter Roset
Sikker på sykkel: Reidar Kjøde
Samfunnskontakt: Bjarne Svarstad
Kontaktperson: Aud Kobberstad

NAF Nordfjord har også ei **Facebook-side** der vi legg ut aktuelt stoff. Vi formidlar også mykje interessant som kjem frå NAF sitt hovudkontor. Redaktør for sida vår er Reidar Kjøde.

Beretning 2025 NAF avd. Nordfjord

NAF avd. Nordfjord vart skipa våren 1932 og er ei av 64 lokalavdelingar som i henhold til vedtektenes §14 pkt 3. har eit ansvar for å delta i NAF sine målstyrte oppgåver.

Per 31.12.2025 har vi 3266 betalande medlemmar. Det er 57 færre enn ved førre årsskifte (3323).

Hovudfokus vårt er trafikktryggleik og «Vel fram» i trafikken.

Årsmøtet for 2024 vart halde på Gloppen Hotel, Sandane laurdag 8. mars 2025. Møtet vart avslutta med festmiddag på kvelden. Til stades på møtet var heile 22 personar. Den første kvinnelige leiar i avdelinga vart vald på sjølvaste kvinnetdagen.

Dei målstyrte oppgåvene og handlingsplanen til avdelinga vår for 2025 er gjennomført. Frå 2026 vil målstyrte oppgåver følge styreåret, det vil seie frå april 2026 - april 2027.

Det første styremøte etter årsmøte med konstituering vart halde 20. april.

I arbeidsåret 2025 er det halde 6 styremøter og behandla 46 saker.

Den interne kommunikasjonen i NAF-avdelinga går via telefon, e-post og sms slik at styret og varamedlemar kan vere oppdatert på det som skjer.

Det har også blitt oppretta felles e-postboks til medlemmane i styre.

Mellom NAF sentralt og lokalavdelingane nyttar ein fleire elektroniske hjelpemiddel i Office 365: Yammer, Outlook, Sharefile, OneDrive, Teams, Workplace (fram til 01.09.2025) og NAF sine internettsider.

Aktivitetane våre:

Påskeaksjonen vart gjennomført på Circle K på Nordfjordeid den 12. mars - fredag før palmesøndag.



Vi delte ut gratis spylervæske, refleks og NAF-brosjyrar med ønske om «Vel Fram».

Fin omtale i Fjordabladet

Foto: Aud Kobberstad

På **Trafikktryggingdagen på Eid vgs** 24. april og **Måløy vgs** 18. september var vi til stades med **Veltepetter**. Vegvesenet var til stades med sin bilbeltesimulator.



Mange ungdomar fekk erfare at bilbeltet held deg på plass i setet – også ved å løyse seg ut hengande oppned. Populær aktivitet.

*Foto: Reidar Kjøde.
Eid vgs*

«**Veltepetter**» og «**Bråstoppen**»: bilveltsimulatorane våre er viktige aktivum som gjer oss godt synlege på arrangement. I arbeid med trafikktryggleik er simulatorane viktige hjelpemiddel i det førebyggjande arbeid i møte med både barn og vaksen.

Oldendagane: Avdelinga har fokus på å vere synlege i ulike deler av Nordfjord. Den 7. juli var vi til stades på Oldendagane – eit populært innslag.



Foto: Aud Kobberstad

Det var kø av folk som ville prøve Veltepetter.

NAFFEN frå NAF avdeling Søre Sunnmøre delte ut refleks til små og store. Populære aktivitetar.

Hella fergekai: «Veiene skriker» RV 13 aksjon. Regional aksjon som gjekk frå Sandnes til Sogndal.



Foto: ukjent trafikant

NAF avdelingane i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn deltok i aksjonen den 6.september

Vi delte ut brosjyre «Vegane våre skrik etter vedlikehald» til trafikantar som stod i fergekø.

Her vart det også delt ut refleks og NAF drops til dei som ville ha.

Refleksdagen var i 2025 kalenderfesta til 16. oktober. Som tidlegare praktiserer vi dette ved å la dei lokale styremedlemane dele ut refleksbrikker og refleksvestar til butikkar, bedrifter og institusjonar. Det er eit viktig arbeid å stimulere til at både små og store brukar refleks når dei er ute i mørketida.



Skular og lag har ved fleire høve teke kontakt slik at gåvepremiar og refleks-materiell blir raskt formidla via våre lokale styremedlemmar. Blant anna Raudeberg skule og Firda vgs.

Vi har refleksbrikker og refleksvestar på lager så dette blir delt ut fortløpande. Ta kontakt om det er nokon som treng dette.

Ved å yte støtte til lokale trafikkskular ønsker vi å stimulere til at det blir gjennomført oppfølgingskurs for medlemmar som har hatt førarkort ei stund: såkalla **seniorkurs**. Det er ikkje kome førespurnad om støtte til Seniorkurs i 2025.

Møter og samlingar

Styreleiarsamlinga vart avvikla 31.-01.02.25 i Bergen. Leiar deltok. 28. april og 14. oktober var det TEAMS-møte for heile organisjonen. Vi har etterkvart fått god trening i "Teams" som blir nytta til nettmøta i NAF. Også innan regionen vert TEAMS nytta som møteform.

Årsmøter – naboavdelingar. Styret var representert med Leiar og avtroppande leiar på årsmøte til NAF avd. Søre Sunnmøre på Volda Turisthotell 12. mars. Leiar deltok på NAF avd. Fjordane & Ytre Sogn sitt årsmøte i Førde 22. mars.

Landsmøtet til **NAF** vart gjennomført i Trondheim 9.-11. mai. Nestleiar deltok sidan Leiar ikkje hadde høve til å møte.

Politisk seminar vart avvikla på Gardermoen 19.-21. september. Leiar deltok.

Regionmøtet for Vestlandet vart arrangert av NAF avd. Bergen og Omegn 24.-26. oktober. 4 frå styret deltok.

Teamsmøte:

14.jan: Åpen time – møteplass for frivillige der ulike tema vert teke opp.
8.april: Åpen time.

28.april: Opplæring felles e-postboks - 4 styremedlemar deltok. Dette kan bidra til å gi **hurtigare svar** på spørsmål vi får på e-post eller telefon.
6.mai: Tema Landsmøte – Nestleiar deltok.
2.okt: Åpen time. «Sjølvi i dårlege tider må vi skifte tak» – vegvedlikehald.
14.okt: Årsmøtegjennomføring – leiar deltok

Leserinnlegg/reportasjer i lokalaviser:

4.april: «Ny kvinnelig leiar» - Fjordingen
8.april: «Vegnettet er sårbart Krev rassikring» - Fjordabladet
9.juli: Oldendagane «Alle ville prøve Veltepetter» - Fjordingen
16.april: Påskeaksjonen - Fjordabladet.
12.sept: «Veiene skriker» Regional aksjon RV 13. - Sogn avis

Medlemsoversikt

NAF organisasjonen har hatt eit av sine beste år. Vi nærmar oss 500 000 medlemmar – av desse er det 1600 frivillige medlemmar.
For heile landet er medlemstalet per 31.12.2025 497437medlemmar (2024/2025: 497627). Det er ei positiv utvikling at nye medlemmar blir værande lenger i organisasjonen

På **NAF.no** kan du lese om oppdaterte tilbod til medlemmane, bruke reiseplanleggaren, og lese turtips, testar og anna interessant trafikk-stoff. På skjerm kan ein også lese bladet **Motor**, eller reise på kartet og planlegge turar i **Veiboka** om ein vil. NAF si vegbok kom i 2024.

I **NAF-medlemskapet** er **Nøkkelforsikringa** og **Veihjelpa** blant dei største fordelane! Det er stort fokus på å oppretthalde like gode/betre medlemsfordeler som andre organisasjonar har.
Glattkøyringsbana i Jølster gir 1 stk. gratis time på glatta, også for bobil.

NAF medlemskortet gir rabatt på mange tenester. Alle medlemstenester og rabattar finn du på www.naf.no

NAF Xtra-kortet gir ulike fordeler når du brukar det - blant anna reiser- og avbestillingsforsikring, drivstoffrabatt. (OBS! Nytt kort frå 01.04.2026)

NAF Veihjelp, tlf. 08 505 gir deg som medlem hjelp utan eigenandel, uansett årsak. Frå utlandet ringer du NAF sitt tlf.nr: +4723213100.
NAF sin veihjelp omfattar også bubilar opp til 7,5 tonn.
Medlemmar kan utan eigendel ha inntil 4 assistansar i året uansett årsak.

Medlemskort er no berre tilgjengeleg digitalt. Det kan lastast ned som App og ligg då klart på smart-telefonen.

Styret i NAF avd. Nordfjord vil gjennom årsmeldinga nytte høvet til å takke alle som samarbeider med NAF, dei tillitsvalde, testsenteret i Førde, kontaktpersonar og medlemmar, for eit godt NAF-år i 2025.

Vi har eit godt samarbeid med naboavdelingane. Bilveltsimulatorane har blitt utlånt til NAF-avdelinga på Søre Sunnmøre og Fjordane & Ytre Sogn.

Spesielt takk til NAF avd. Søre Sunnmøre som stilte med NAFFEN og medhjelpar på Oldendagane. Takk til NAF avd. Fjordane og Ytre Sogn og NAF avd. Indre Sogn for samarbeid om felles aksjon på Hella.

Avdelinga vår prøver å ha aktiviteter med lokale tilpassingar som dekker fleire av oppgåvene som Hovedstyret har vedteke for arbeidet vårt.

Vi er særleg takksame for innspel om aktivitetar, og for medlemar som vil gjere ein innsats som frivillig i NAF. Vi treng fleire som vil engasjere seg i arbeidet for tryggleik og «Vel Fram» i trafikken gjennom NAF!

NAF sitt hovedkontor kalla «klubbhus» eller «S4», ligg i Skippergata 4 i sentrum av Oslo. Alle NAF-medlemar er alltid velkomne innom!


Oldendagane 7. juli



Påskeaksjonen 12. mars



Foto: Aud Kobberstad



Måløy vgs. 18.sept.

Fornøgte elever.

Foto:
Reidar Kjøde

Val

Oversikt etter val på årsmøtet i Gloppen 8.mars 2025 syner styremedlemmane

Styret:	(Alle styremedlemar på val 2. kvart år)	
Leiar:	Aud Kobberstad, Hornindal	Valgt: 2025
	Fredrick Eimstad Egge, Hornindal	2025
	Reidar Kjøde, Selje	2025
	Solveig Høydal, Eid	2024
	Petter Roset, Gloppen	2024
	Bjarne Svarstad, Stryn	2025
	, Vågsøy	

Varamedlem:	(alle varamedlemar på val kvart år)
	Reidun Korsbrekke Wågen, Hornindal
	Helge Magnar Borgund, Selje
	Per Magnus Myklebust, Eid
	Jan Aabrekk, Gloppen
	Paul Øyvind Glosvik
	, Vågsøy

Komitear og utval:

Arbeidsutval Hornindal:	Leiar Aud Kobberstad
	Medlem Reidun Korsbrekke Wågen
Arbeidsutval Selje:	Leiar Reidar Kjøde
	Medlem Helge Magnar Borgund
Arbeidsutval Eid:	Leiar Solveig Høydal
	Medlem Per Magnus Myklebust
Arbeidsutval Gloppen:	Leiar Petter Roset
	Medlem Jan Aabrekk

Arbeidsutval Stryn: Leiar Bjarne Svarstad
 Medlem Paul Øyvind Glosvik

Arbeidsutval Vågsøy:

Utsending til landsmøtet: Leiar
Vara: Nestleiar

Valnemnd:

Kirsti Bjørhovde, Eid
Svein Ravnstad, Gloppen
Ove Bruheim, Hornindal
Kåre Sørensen, Selje
Per Rune Sunde, Stryn

....., Vågsøy

Neste årsmøte er i Selje. Arr.komité: Arbeidsutvalet i Selje

Årsmøte

NAF avd. Nordfjord

Laurdag 14. mars kl. 14.00 på Stryn Hotel

- Vanlege årsmøtesaker. Saker eller forslag som skal takast opp på årsmøtet må sendast nordfjord@lokal.naf.no, seinast to veker før årsmøtet.
- Tematime kl. 15:00, Stryn Gatebilkubb.
- Festmiddag kl. 19:00.
- NAF medlemspris for middagen kr. 250
- Påmelding til Stryn hotell, tlf 57 87 07 00.

Vi ønsker alle NAF-medlemer velkomne!



Norges Automobil-Forbund
avd. Nordfjord
v/Aud Kobberstad,
6763 Hornindal

Frivillig aktivitet 2025:

Påskeaksjonen:	6 personar x 5 timar = 30t.
Trafikktryggingsdag Eid vgs:	3 personar x 8 timar = 24t.
Oldendagane:	7 personar x 5 timar = 35t.
Regional aksjon Hella:	2 personar x 11 timar = 22t.
Trafikktryggingsdag Måløy vgs:	3 personar x 8 timar = 24t.
Refleksdag	6 personar x 2 timar = 12t.

Frivillig aktivitet gjennom 2025: 147 timar

All frivillig aktivitet skal førast på liste frå 2026. Dette på grunn av momskompensasjon.